



Er politikarane i Kvinnherad nokre pyser som ikkje tør hoppa i havet? Det spør folk uskedalen.no når dei får veta at det til no ikkje er meldt på eit einaste politikarlag til årets blaute oppgjer som går føre seg i pinshelga.

Og det sjølv om det berre er nokre fattige månader att til valet.

Vi sendar saka vidare til rette vedkommande og det er leiinga for dei einskilde partia. Kven melder på lag fyrst?

Førebels har vi berre testa spørsmålet på ein partileiar - og det er Gunn Mari Moberg i Høgre.

Ho vart svært tankefull og lova å ta saka opp til ålvorleg drøfting. Faktisk hadde ho moglege aktørar på leppene utan at vi vil ta fram namn i fyrste omgang.

Men her bør det liggja an til ei frisk, blå bølge av eit eller anna slag og ikkje berre ein blå ballong som Damevennene sjølv stilte opp med i fjor (biletet).

Damevennene ventar politiske påmeldingar på telefon 47 23 61 87!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen